

Dato: 27.05.2021

## Meklingsresultat i mellomoppgjeret i staten

LO Stat, UNIO og YS Stat valte i ettermiddag å akseptere eit forslag til skisse frå Riksmeklareren. Sjølv om ramma berre er litt større enn i frontfaget, så er heilskapen langt betre enn det staten tilbydde i forhandlingane.

### Nærmare om resultatet

- Ramma for oppgjeret blir på 2,73 %.
- Dei disponible midla blir fordelt 50/50 på sentrale og lokale tillegg.
- Det sentrale tillegget blir fordelt slik:
- Det blir gitt eit tillegg på A-tabellen, som er ein kombinasjon av prosent- og kronetillegg: 0,9 % og 1500 kroner på kvart lønstrinn, med verknad frå 1. mai.
- Frå same tidspunkt får dei på lønstrinn 19 til 50 eit eige låglønstillegg på 4000 kroner på A-tabellen.
- Dei kvinnedominerte lønstrinna 51-69 får eit likelønstillegg som startar på 3800 kroner på lønstrinn 51 og går ned med 200 kroner for kvart lønstrinn til lønstrinn 69.
- Dei sentrale tilleggga har ein likelønseffekt på 0,05 %.
- Det blir satt av 1,8 % til lokale forhandlingar med verknad frå 1. juli 2021.

Årsverknad:

Overheng	0,6 %
Gliding	0,3 %
Lågløns- og likelønstillegg	0,212 %
Flate kronetillegg (1500,-)	0,165 %
Flate prosenttillegg (0,9 %)	0,558 %
Lokalt tillegg	0,9 %
<b>Totalt</b>	<b>2,73 %</b>

Ramma i staten er ikkje stor nok til å oppretthalde kjøpekrafta for alle. Men dei frå lønstrinn 19 til 31 vil få reallønsvekst berre med dei sentrale tilleggga. Fleire vil kunne oppretthalde kjøpekrafta eller få reallønsvekst med lågløns- og likelønstillegga, og resultatata av dei lokale lønsforhandlingane.

I år var det spesielt viktig for LO Stat og FO å sikre eit godt resultat for dei lågast lønte og kvinnedominerte grupper. Dette har vi klart med låglønstillegget, likelønstillegget og det generelle kronetillegget. Dette er ein fordelingsprofil vi kan vere nøgde med, spesielt med tanke på at staten i utgangspunktet ville fordele alt lokalt, mens UNIO ville gi alt som eit flatt prosenttillegg.

Når dei kommunetilsette i KS får større tillegg enn i staten i år, skuldast det at dei fekk forhandla fram ei litt større ramme, og at dei hadde eit lågare overheng. Dette gav rom for større tillegg.

### **Lokale forhandlingar**

Det er avtalt ein lokal pott på 1,8 % av lønsmassen med verknad frå 01.07.2021.

Forhandlingane skal vere gjennomført innan 31.10.2021.

### **Oppdatering av vedlegg 2**

Vedlegg 2 forhandlingsstader ved lokale lønsforhandlingar har blitt oppdatert med enkelte endringar i namn og verksemdar.

### **Meir informasjon**

FO publiserer ei nyheitssak på nettsida vår om meklingsresultatet.

FO vil komme nærmare tilbake med meir detaljar om resultatet og lokale forhandlingar i eit eige rundskriv før sommaren. Vi vil også arrangere eit eige kurs for leiarar av lokale lønsforhandlingar i staten til hausten.